



Sakshandsamar:

Kent Rune T. Måren

E-post: kenth.rune.maren@sfj.no

Tlf.: 41530971

Vår ref.

Sak nr.: 16/8927-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internett l.nr.

1044/17

Dykkar ref.

16/7829

Dato

LEIKANGER, 10.01.2017

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 DEP

0032 OSLO

Svar - Høyring om endringar i opplæringslova - Direkte overgang i retten til vidaregåande opplæring og rett til vidaregåande opplæring for dei med slik opplæring frå utlandet

Fylkesdirektøren for opplæring orienterte hovudutval for opplæring om høyringsnotatet *Forslag til endringar i opplæringslova* i møte 22.11.2016. Grunna høyringsfristen som er sett til 16. januar 2017, er det ikkje tid til å handsame høyringa politisk. Fylkesdirektøren fekk difor i oppgåve å skrive eit høyringssvar. Høyringssvaret vert lagt fram som sak til orientering i HO-møte 16.02.2017

Kunnskapsdepartementet sendte 14.11.16 ut ei høyring om framlegg om å endre opplæringslova. Framlegget inneber å utvide retten til vidaregåande opplæring for ungdom og innføre rett til vidaregåande opplæring for vaksne som har fullført vidaregåande opplæring i utlandet.

I høyringsnotatet vert høyringsinstansane bede om å svare på:

1. Om dei som er over 25 år, med fullført vidaregåande opplæring frå andre land der utdanninga ikkje er godkjent i Noreg, skal få rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 4A- 3.
2. Om dei som er under 25 år, med fullført vidaregåande opplæring frå andre land der utdanninga ikkje er godkjent i Noreg, skal få rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3- 1 eller § 4A- 3.
3.
 - a. Om ein skal utvide ungdomsretten eller vaksenretten for å få ein direkte overgang mellom desse.
 - b. Om ein skal utvide retten til utvida tid til fullføring av opplæringa ved omval for ungdom med ungdomsrett.
4. Økonomiske og administrative kostnader ved endringsframlegga.

Fylkesdirektøren for opplæring sine vurderingar

1. Fylkesdirektøren meiner at vaksne med fullført vidaregåande opplæring frå andre land der utdanninga ikkje er godkjent i Noreg bør få rett til opplæring etter 4A-3. Det er likevel viktig å vere merksam på at dette har økonomiske konsekvensar for fylkeskommunane, men at omfanget av tal elevar er usikkert. Dei økonomiske konsekvensane av endringane bør difor evaluerast når ein har fått erfaring med ordninga.
2. Fylkesdirektøren for opplæring meiner det er mest hensiktsmessig å gje ungdom under 25 år, med fullført vidaregåande opplæring frå andre land der utdanninga ikkje er godkjent i Noreg, rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3- 1. Ved å gje ungdom under 25 år ungdomsrett får dei opplæring saman med andre ungdommar og kan opprette kontakt, vere med på aktivitetar og slik få tilhørsle med andre i aldersgruppa.

Fylkesdirektøren meiner at dette vil krevje ei presisering av korleis fylkeskommunane skal vurdere inntaksgrunnlaget for denne gruppa. I tillegg meiner fylkesdirektøren at godskriving etter §1-16 kan vere med på å avkorte opplæringa.

3.
 - a. Fylkesdirektøren for opplæring er samd i departementet sine vurderingar om at det er behov for ein direkte overgang mellom ungdomsrett og voksenrett og at voksenretten bør starte på same alder for alle. Såleis er det føremålstenleg å utvide ungdomsretten ut det året dei fyller 24 år.
 - b. Samstundes fremjar departementet framlegg om at ungdom som gjer eit omval får rett til å fullføre opplæringa med ungdomsrett. Fylkesdirektøren meiner at denne retten til å fullføre vil bidra til å sikre at fleire fullfører opplæringa si.
4. Fleire elevar (og lærlingar) som har ungdomsrett vil føre til auka kostnader for fylkeskommunane, mellom anna til:
 - opplæringstilbod
 - skysskostnader
 - spesialundervisning
 - dei som nyttar seg av retten til omval etter vg2, vil ha ungdomsrett i eit lengre tidsrom
 - tilskot til lærebodrifter med tilskotssats basis1

Med helsing

Tor-Einar Holvik Skinlo
ass. fylkesdirektør

Kenth Rune T. Måren
teamleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Høyringsnotat

Mottakar (ar)
Kunnskapsdepartementet Postboks 8119 DEP 0032 OSLO

Kopi til: